



Bresvika Byggefelt AS
c/o Jan Roger Iversen Kletten 3
5382 SKOGSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19370 - 23/34916

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
05.05.2023

Avvist klage på ferdigattest - gbnr 428/148 Kvelheim nedre

Administrativt vedtak. **Saknr: 464/23**
Tiltakshavar: Runar Berge Mulelid
Ansvarleg søkjar: Runar Berge Mulelid
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova (fvl.) §34 vert klage på ferdigattest avvist.

Saka gjeld

Det er 22.03.2022 fremja innsigelse frå Bresvika byggefelt AS mot ferdigattest datert 15.03.2022. Denne er tatt til vurdering som ei klage på vedtak om ferdigattest. Det er i klage presisert at tiltak ikkje oppfyller krav for ferdigattest, ettersom VA-anlegg ikkje har fått ferdigattest.

Rettsleg utgangspunkt

Det går fram av fvl.§28 at det er klagerett på «enkeltvedtak» der klage er fremja av ein «part» eller anna med «rettslig klageinteresse» i sak. Vidare går det fram av fvl.§34 at klage skal avvist dersom vilkår for å handsame klage ikkje ligg føre.

Vurdering

Saka gjeld klage på ferdigattest for tiltak som er gjeve med heimel i pbl.§21-10. Ferdigattest er gjeve på bakgrunn av søknad og dokumentasjon, og er kommunen si avslutning av den konkrete byggesaka.

Det går fram av pbl.§1-9 andre ledd at det ikkje kan klagast på forhold som er avgjort ved tidlegare vedtak i byggesaka. Denne heimelen har klare linjer mot søknad om ferdigattest, ettersom dette er siste steget i ein søknadsprosess. Heimelen indikerer at ein må avskjere klageretten dersom tilhøve er avklart på eit tidlegare stadium i saksgangen. Ferdigattesten skal vere ei stadfesting på at tiltak er utført i samsvar med gitt løyve. Dette er eit forhold som

er mellom kommunen, tiltakshavar og ansvarleg søkjar. Dette tilseier at eventuelle klager bør takast ved realitetsavgjerd i sak, på eit tidlegare tidspunkt i saksgangen.

Det er vist til at VA-anlegg ikkje har hatt ferdigattest, og at bustad følgjeleg ikkje kan få ferdigattest. Utgangspunktet etter plan- og bygningslova er at VVA skal vere sirka ut frå rammene i pbl.§§27-1, 27-2 og 27-4. Desse er vurdert tilstrekkeleg sikra der VA-anlegg har mellombels bruksløyve. Det er dermed ingen hindring for at det kan bli gjeve ferdigattest til den konkrete bustaden, etter byggesak si vurdering.

Konklusjon

Det er på det reine at det er klaga på eit enkeltvedtak her jf. fvl.§2 første ledd bokstav b). Det er jamvel ikkje vurdert at Bresvika byggefelt AS har rettsleg interesse i vedtak for ferdigattest, ettersom dette er eit forhold mellom tiltakshavar, ansvarleg søkjar og kommunen. Vilkår for klagerett etter fvl.§28 er dermed ikkje oppfylt.

Viser vidare til pbl.§1-9 som talar mot at klage skal takast til handsaming, ettersom tilhøve er avklart på tidlegare tidspunkt i sak. VA-anlegg har mellombels bruksløyve frå tidlegare sak, og desse forholda er vurdert som avklart.

Klaga vert avvist med heimel i fvl.§34, som viser til at sak skal avisast dersom vilkår for å handsame sak ikkje ligg føre.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Runar Berge Mulelid

Fjelltunvegen 12

5303

FOLLESE

Mottakarar:

Bresvika Byggefelt AS

c/o Jan Roger Iversen

5382

SKOGSVÅG

Mottakarar:

Kletten 3